

Tilsynsrapport

sak 2021-09

Vegoppmerking etter dekkefornying

Statens vegvesen

Saksnummer	2021-09
Publiseringsdato	03.02.2022
Tilsynslag	Bente i. B. Molland, tilsynsleiar Sverre Slettemark, fagrevisor veg Ida Blomhoff Pedersen, fagrevisor juridisk
Tilsynspart	Statens vegvesen

Om rapporten

Denne rapporten er basert på tilsyn i Statens vegvesen. Tilsynssaka omhandlar vegoppmerking etter dekkefornyning.

Rapporten inneheld ei oppsummering av tilsynet og ein presentasjon av tilsynsfunn.

Tilsynspart skal innan fastsett frist kome med tilbakemelding på korleis avviket vil verte handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring. På bakgrunn av denne tilbakemeldinga vil Vegtilsynet vurdere vidare oppfølging, eller lukking av avviket.

Sign.:



Magnus Steigedal
direktør

Sign.:



Bente I. B. Molland
tilsynsleder

Samandrag

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen sikrar at vegoppmerking etter dekkefornyning vert utført i samsvar med fristar, slik at trafikktryggleiken vert teke i vare.

Vegtilsynet ser at vegoppmerking etter dekkefornyning er ein krevjande prosess å gjennomføre. Arbeidet omfattar fleire steg - formerking, fresing og merking, og involverer fleire aktørar - byggherre og ulike entreprenørar. Alle stega av vegoppmerking er viktige og naudsynte, og bidreg til å skape leielinjer for trafikanten. Av omsyn til trafikktryggleiken, er det avgjerande å sikre at nylagt vegdekke vert liggande utan vegoppmerking kortast mogleg tid, då det nylagte vegdekket manglar referansepunkta vegoppmerkinga gjev.

Samla sett viste tilsynssaka at Statens vegvesen ikkje sikrar at vegoppmerking etter dekkefornyning vert utført i samsvar med fristar, slik at trafikktryggleiken vert teken i vare.

I tillegg har Vegtilsynet sett at det ikkje er fastsett fristar i styringssystemet for den delen av arbeidet som byggherre gjer. Arbeidet som byggherre utfører bidreg òg til total tidsbruk frå nylagt vegdekke til vegoppmerking er utført.

Vegtilsynet har funne eitt avvik som vil bli følgd opp med Statens vegvesen. I tillegg er det gjort éin observasjon.

Innhald

1. Bakgrunn.....	5
2. Mål og problemstillingar	6
3. Gjennomføring og metode	8
4. Tilsynsresultat.....	9
5. Konklusjon.....	19
Vedlegg 1: Oversikt over strekningar	20
Vedlegg 2: Oversikt over krav for dei geografiske områda	29

1. Bakgrunn

Vegoppmerking er ein viktig del av det systemet som informerer, varslar, leier og styrer trafikantane i veg- og trafikksystemet. Det er derfor viktig at vegoppmerkinga vert utført på ein einsarta og konsekvent måte over heile landet. For å køyre sikkert og komfortabelt, er fører av køyretøy avhengig av referansepunkt i nærleiken av køyretøyet og lenger framme i køyreretninga. Når vegen er vanskeleg å skilje frå omgjevnaden, for eksempel i mørke og ved dårlege siktforhold, er dette viktig. Også i kompliserte vegkryss er det viktig for trafikantane å kunne bestemme riktig plass i køyrebanen ved hjelp av referansepunkt. Vegoppmerking er blant anna meint å gi førarar slike referansepunkt. Nylagt vegdekke manglar desse referansepunkta, og det er derfor viktig av omsyn til trafikktryggleiken at vegoppmerkinga vert utført.

Vegtilsynet vil med bakgrunn i dette undersøke om vegoppmerking vert utført i samsvar med fristar på strekningar med dekkefornying.

2. Mål og problemstillingar

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen sikrar at vegoppmerking etter dekkefornyng vert utført i samsvar med fristar, slik at trafikktryggleiken vert teken i vare.

Avgrensing

Vegtilsynet har ikkje gjort ei vurdering av om arbeidet som vert utført er i samsvar med krav eller om fristane som er sett er eigna.

Omgrepsbruk

Formerking

Med formerking i denne rapporten meinast ei merking på vegdekket som skal vise nøyaktig plassering av fresing og permanent vegoppmerking. Dette vert utført av byggherre.

Vegoppmerking

Med vegoppmerking i denne rapporten meinast langsgåande eller tverrgåande oppmerking utført på vegdekket med maling, termoplast eller andre eigna materiale, og fresing (også kalla forsterka vegoppmerking).¹ I rapporten vert omgrepet merking nytta for langsgåande/tverrgåande oppmerking.

Årsdøgnetrafikk (ÅDT)

Det totale tal køyretøy, i begge retningar, som passerer eit snitt på ein veg i løpet av eitt år, dividert med 365.²

ÅDT for ei strekning er avgjerande for kva frist som er sett for utføring av vegoppmerkinga.

¹ N302 *Vegoppmerking* kap. 1, 2 og 6.2.

² <https://www.vegvesen.no/fag/publikasjoner/handboker/definisjoner/>

Organisering av arbeidet

Etter at vegdekke er lagt, gjennomfører Statens vegvesen (byggherre) formerking. Det er ikkje fastsett fristar for å ferdigstille dette arbeidet i styringssystemet, men det er opplyst av tilsynspart at dette skal gjerast så fort som mogeleg. Byggherre gjev deretter skriftleg melding til entreprenør om å utføre fresing (der det er aktuelt) og/eller merking. Det er sett frist i kontrakt for entreprenør til å ferdigstille dette arbeidet.

Vegoppmerkingskontraktar kan omfatte arbeider med:³

- Tverrgående vegoppmerking, symbol og tekst
- Langsgående vegoppmerking med ekstrudert termoplast, spraya termoplast og vassbasert maling
- Fresing for vegoppmerking

I Statens vegvesen er utføringa av vegoppmerkinga organisert på ulike måtar i dei ulike geografiske områda:

- I område Øst inngår er det inngått éin vegoppmerkingskontrakt som omfattar alle arbeida.
- I område Midt og Nord er det inngått éin kontrakt for fresing for vegoppmerking og éin vegoppmerkingskontrakt for tverrgående og langsgående vegoppmerking.
- I område Sør er det inngått éin vegoppmerkingskontrakt for langsgående vegoppmerking. Fresing vert bestilt som tillegg frå vegoppmerkingsentreprenør.
- I område Vest inngår fresing i dekkeleggingskontrakta. Det er inngått éin vegoppmerkingskontrakt for langsgående vegoppmerking og éin kontrakt for tverrgående vegoppmerking.

³ R763V *Vegoppmerking, mal*

3. Gjennomføring og metode

Tilsynssaka er gjennomført som ein revisjon etter prinsipp i NS-EN ISO 19011 *Veiledning for revisjon av ledelsessystemer*, med visse tilpassingar.

Vegtilsynet sende varsel om tilsyn 25.08.2021. Det vart gjennomført opningsmøte med tilsynspart 07.09.2021 for å informere ytterlegare om tilsynssaka, gjere naudsynte avklaringar om gjennomføringa av tilsynet, og å opprette ein god dialog med tilsynspart. I tillegg er det gjennomført fleire avklaringsmøte undervegs.

Tilsynskriteria er utleidd frå krava i veglova § 11 b og Statens vegvesens eigne krav på området. Utleinga av kriteriet er omtala i kapittel 4. Det har vore ein dialog med tilsynspart for å gjere avklaringar om kva krav som gjeld.

Basert på Statens vegvesens dekkeprogram 2021, valde Vegtilsynet ut dekkeleggingsstrekningar som oppfyller følgande føresetnader:

- strekningar over 1000 m
- fartsgrense 70 km/t eller over
- strekningar i nord, midt, vest, sør og øst

Etter å ha motteke dokumentasjon, vart strekningar som ikkje hadde fullført vegoppmerking innan 15.11.2021 tatt ut, og i tillegg vart strekningar på gang/sykkelveg tatt ut. Totalt omfattar undersøkinga 166 strekningar av totalt 239 strekningar på dekkeprogram 2021. Oversikt over strekningar går fram av vedlegg 1.




Vegtilsynet har innhenta og gjennomgått følgande dokumentasjon frå tilsynspart for kvar strekning:

- sluttrapport asfalt, dvs. dato for ferdig dekkelegging
- formerkerapport til vegoppmerking, dvs. innmelding frå byggherre til merkeentreprenør
- fakturagrunnlag, dvs. dato for ferdig merking
- formerkerapport til fres, dvs. innmelding frå byggherre til freseentreprenør
- sluttrapport fresing, dvs. dato for ferdig fresing
- vedlegg som grunnjev eventuelle fristbrot eller viser endringar på tidsfristar

Tilsynspart har lagt forholda til rette for ei effektiv gjennomføring av tilsynet.

4. Tilsynsresultat

Symbol som er brukt for å illustrere tilsynsfunna i rapporten går fram av tabellen under.

Symbol	Vurdering av samsvar med tilsynskriterium
	Avvik: Manglande samsvar med krav
	Observasjon: Forhold der ein gjennom tilsynet har sett at det er potensial for forbetring hjå tilsynspart
	Undersøkinga har ikkje avdekkja avvik eller observasjonar

Utkast til rapport vart lagt fram for tilsynspart 21.12.2021, med frist for å gi tilbakemelding på faktafeil. Tilsynspart gav slik tilbakemelding innan fristen og dette er tatt omsyn til ved utarbeiding av endeleg tilsynsrapport.

Tilsynskriterium 1: Vegoppmerking etter dekkefornyng skal utførast innan fastsette fristar.

Utleiing av tilsynskriterium:

Det følger av veglova § 11 b at verksemda har plikt til å bruke sitt eige styringssystem.

Vegtilsynet har fått opplyst at det ikkje er prosessar med krav som omfattar fristar for vegoppmerking i det prosessbaserte styringssystemet Kvalitetssystemet. Handbok R610 *Standard for drift og vedlikehald av riksvegar* set i kap. 5.4 frist for vegoppmerking etter dekkefornyng på 3 døgn for ÅDT større enn 5000 og 2 veker for ÅDT mindre eller lik 5000. Handbok R610 er frå 2012, og tilsynspart har opplyst at desse fristane er utdaterte og ikkje gjeldande lenger. Fristane er per i dag fastsett i 2021-malen for vegoppmerkingskontraktar, handbok R763V *Vegoppmerking*:

4.1. Frister for vegoppmerking etter dekkefornyelse

All vegoppmerking etter dekkefornyelse, demarkering og fresing for vegoppmerking skal være utført senest:

- 4 dager på veger med ÅDT > 20 000
- 1 uke på veger med ÅDT ≥ 5 000
- 2 uker på veger med ÅDT ≤ 5 000

Lengde under 250 m gis automatisk 2 ukers frist.

Tidsfristen gjelder hverdager og løper fra det tidspunkt Byggherren har gitt skriftlig melding til Entreprenøren om at formerking er utført.

Figur 1: Utklipp frå handbok R763V Vegoppmerking

Fristane for fresing og vegoppmerking kan endrast i den enskilde kontrakten. Vegtilsynet har difor basert tilsynskriteriet på dei fristane som går fram av dei aktuelle kontraktane. Vedlegg 2 viser krava som gjeld for dekkefornyng i 2021 for kvar av dei geografiske områda.

Vegtilsynet har vidare fått opplyst at dersom entreprenør har fått utsett first for delar av arbeidet, skal dette vera dokumentert.

Tilsynsbevis:

Nedanfor følger ei oppstilling av kva dokumentgjennomgangen har vist for kvar av dei geografiske områda.

Tabell 1: Dokumentgjennomgang, Midt

Midt	Tal strekn.	Tal dagar	ÅDT ≤ 5 000	ÅDT ≥ 5 000	ÅDT > 20 000
Tal strekningar gjennomgått	19		10	6	3
Tidsbruk formerking (byggherre) Tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå sluttrapport dekkelegging til innmelding til frese-entreprenør		Snitt: 4 Intervall: 0 – 11			
Strekningar med fresing (entreprenør) Tal utanfor frist	12		0 av 5	1 av 6	0 av 1
Tidsbruk innmelding til merking (byggherre) Tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå dekkelegging/fresing til innmelding til merke-entreprenør		Snitt: 5 Intervall: 0 - 17			
Strekningar med merking (entreprenør) Tal utanfor frist	25*		6 av 15	2 av 7	0 av 3
Tidsbruk totalt (byggherre + entreprenør) Totalt tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå sluttrapport dekkelegging til ferdig merka		Snitt: 20 Intervall: 0 - 59			

MERKNADER

* I innsending av dokumentasjon har område Midt skilt ut dokumentasjonen som gjeld strekningar med fresing. Dette gjeld seks strekningar, og difor er totalen på merking høgare enn tal strekningar gjennomgått.

Det er ikkje sendt inn informasjon som grunnleggjend fristbrot eller viser endringar på tidsfristar for fresing og merking.

Tabell 2: Dokumentgjennomgang, Nord

Nord	Tal strekn.	Tal dagar	ÅDT ≤ 5 000	ÅDT ≥ 5 000	ÅDT > 20 000
Tal strekningar gjennomgått	37		6	31	0
Tidsbruk formerking (byggherre)* Tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå sluttrapport dekkelegging til innmelding til frese-entreprenør					
Strekningar med fresing (entreprenør)* Tal utanfor frist					
Tidsbruk innmelding til merking (byggherre) Tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå dekkelegging/fresing til innmelding til merke-entreprenør		Snitt: 16 Intervall: 0 - 38			
Strekningar med merking (entreprenør)** Tal utanfor frist	37		0 av 6	12 av 31	Ingen strekningar
Tidsbruk totalt (byggherre + entreprenør) Totalt tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå sluttrapport dekkelegging til ferdig merka		Snitt: 28 Intervall: 4 - 97			

MERKNADER

- * Det er to strekningar i område Nord som har fresing. Pga. lågt utval og manglande dokumentasjon, er tidsbruk for fresing tatt ut av undersøkinga.
- ** 7 av 37 kan ikkje vurderast pga. at det manglar dokumentasjon, eller denne inneheld manglande informasjon.

Det er ikkje sendt inn informasjon som grunnleggjv fristbrot eller viser endringar på tidsfristar for merking.

Tabell 3: Dokumentgjennomgang, Sør

Sør	Tal strekn.	Tal dagar	ÅDT ≤ 5 000	ÅDT ≥ 5 000	ÅDT > 20 000
Tal strekningar gjennomgått	14		6	2	6
Tidsbruk formerking (byggherre) Tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå sluttrapport dekkelegging til innmelding til frese-entreprenør		Snitt: 5 Intervall: 0 – 19			
Strekningar med fresing (entreprenør)** Tal utanfor frist	15*		0 av 2	0 av 1	6 av 12
Tidsbruk innmelding til merking (byggherre) Tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå dekkelegging/fresing til innmelding til merke-entreprenør		Snitt: 4 Intervall: 0 - 16			
Strekningar med merking (entreprenør) Tal utanfor frist	20*		0 av 6	0 av 2	11 av 12
Tidsbruk totalt (byggherre + entreprenør) Totalt tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå sluttrapport dekkelegging til ferdig merka		Snitt: 42 Intervall: 5 - 125			

MERKNADER

- * I innsending av dokumentasjon har område Sør skilt dokumentasjonen i nordgåande, sørgåande, austgåande og vestgåande strekningar. Dette gjeld seks strekningar, og difor er totalen på fresing og merking høgare enn tal strekningar gjennomgått.
- ** 1 av 15 kan ikkje vurderast pga. at det manglar dokumentasjon, eller denne inneheld manglande informasjon.

Det er ikkje sendt inn informasjon som grunnjev fristbrot eller viser endringar på tidsfristar for fresing og merking.

Tabell 4: Dokumentgjennomgang, Vest

Vest	Tal strekn.	Tal dagar	ÅDT ≤ 5 000	ÅDT ≥ 5 000	ÅDT > 20 000
Tal strekningar gjennomgått	29		15	9	5
Tidsbruk formerking (byggherre)* Tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå sluttrapport dekkelegging til innmelding til frese-entreprenør					
Strekningar med fresing (entreprenør)* Tal utanfor frist					
Tidsbruk innmelding til merking (byggherre) Tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå dekkelegging/fresing til innmelding til merke-entreprenør		Snitt: 6 Intervall: 0 - 23			
Strekningar med merking (entreprenør)** Tal utanfor frist	29		0 av 16	0 av 8	0 av 5
Tidsbruk totalt (byggherre + entreprenør) Totalt tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå sluttrapport dekkelegging til ferdig merka		Snitt: 17 Intervall: 1 - 29			

MERKNADER

* Tilsynspart har opplyst fristar for nokre av parsellane, men då det i tillegg manglar dokumentasjon som syner dato for når fresing er ferdig, har det ikkje vore mogeleg for Vegtilsynet å vurdere om tidskrav for fresing er oppfylt.

** 2 av 29 kan ikkje vurderast pga. at det manglar dokumentasjon, eller denne inneheld manglande informasjon.

For 4 strekningar er det sendt inn informasjon som grunngeve fristbrot eller viser endringar på tidsfristar for merking. Vegtilsynet har vurdert desse strekningane som innanfor frist.

Tabell 5: Dokumentgjennomgang, Øst 1 Innlandet

Øst 1 Innlandet	Tal strekn.	Tal dagar	ÅDT ≤ 5 000	ÅDT ≥ 5 000	ÅDT > 20 000
Tal strekningar gjennomgått	13		9	4	0
Tidsbruk formerking (byggherre) Tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå sluttrapport dekkelegging til innmelding til frese-entreprenør		Snitt: 3 Intervall: 0 - 8			
Strekningar med fresing (entreprenør)* Tal utanfor frist	11		1 av 7	2 av 4	Ingen strekningar
Tidsbruk innmelding til merking (byggherre) Tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå dekkelegging/fresing til innmelding til merke-entreprenør		Snitt: 10 Intervall: 0 - 111			
Strekningar med merking (entreprenør)* Tal utanfor frist	13		2 av 9	2 av 4	Ingen strekningar
Tidsbruk totalt (byggherre + entreprenør) Totalt tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå sluttrapport dekkelegging til ferdig merka		Snitt: 30 Intervall: 10 - 117			

MERKNADER

* For fresing kan 1 av 11 ikkje vurderast pga. at det manglar dokumentasjon, eller denne inneheld manglande informasjon. For merking gjeld dette for 2 av 13.

For 2 strekningar er det sendt inn informasjon som grunngev fristbrot eller viser endringar på tidsfristar for merking. Vegtilsynet har vurdert desse strekningane som innanfor frist.

Tabell 6: Dokumentgjennomgang, Øst 2 Viken

Øst 2 Viken	Tal strekn.	Tal dagar	ÅDT ≤ 5 000	ÅDT ≥ 5 000	ÅDT > 20 000
Tal strekningar gjennomgått	54		14	23	17
Tidsbruk formerking (byggherre) Tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå sluttrapport dekkelegging til innmelding til frese-entreprenør		Snitt: 5 Intervall: 0 - 34			
Strekningar med fresing (entreprenør)* Tal utanfor frist	31		2 av 6	11 av 18	5 av 7
Tidsbruk innmelding til merking (byggherre) Tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå dekkelegging/fresing til innmelding til merke-entreprenør		Snitt: 3 Intervall: 0 - 15			
Strekningar med merking (entreprenør) Tal utanfor frist	54		3 av 14	6 av 23	4 av 17
Tidsbruk totalt (byggherre + entreprenør) Totalt tal dagar, inkludert helg og raude dagar, frå sluttrapport dekkelegging til ferdig merka		Snitt: 20 Intervall: 1 - 58			

MERKNADER

* For fresing kan 3 av 31 ikkje vurderast pga. at det manglar dokumentasjon, eller denne inneheld manglande informasjon. For merking gjeld dette for 7 av 54.

For 1 strekning er det sendt inn informasjon som grunnlegg fristbrot eller viser endringar på tidsfristar for fresing. For 1 strekningar er det sendt inn informasjon som grunnlegg fristbrot eller viser endringar på tidsfristar for merking. Vegtilsynet har vurdert desse strekningane som innanfor frist.

I tilbakemelding på faktafeil opplyser tilsynspart at det for 2 strekningar er ein tvist med entreprenør om fristar i kontrakten. I dokumentgjennomgangen har Vegtilsynet vurdert desse 2 strekningane opp mot dei krava som står i vedlegg 2.

Samla sett har dokumentgjennomgangen vist følgande:

For 28 av 69 strekningar er ikkje fresing gjennomført innan fastsett frist.
Fristoverskridingane varierer frå 1 til 27 dagar.

For 48 av 178 strekningar er ikkje merking gjennomført innan fastsett frist.
Fristoverskridingane varierer frå 1 til 69 dagar.

Fordelt på ÅDT har dokumentgjennomgangen samla sett vist følgande:

For $\text{ÅDT} \leq 5\,000$ er 14 av 86 fristar ikkje overheldt.

For $\text{ÅDT} \geq 5\,000$ er 36 av 104 fristar ikkje overheldt.

For $\text{ÅDT} > 20\,000$ er 30 av 57 fristar ikkje overheldt.

Vurdering

Undersøkinga har vist at fresing er utført etter frist for 41 % av dei undersøkte strekningane. Når det gjeld merking er arbeidet utført etter frist for 27 % av dei undersøkte strekningane.

Vegtilsynet ser at gjennomføring av vegoppmerkingsprosjekt er krevjande. Det er eit arbeid som er utsett for forseinkingar mellom anna grunna vêrforhold, og i 2021 òg grunna covid-19-pandemien. Samtidig er måten arbeidet vert gjennomført, og fristane som er sett, krav Statens vegvesen sjølve har stilt. Vegtilsynet må difor kunne legge til grunn at fristane skal vera realistiske å etterleve.

Vegtilsynet har undersøkt eit stort tal strekningar, nærare 70 % av alle dekkeleggingsstrekningar i 2021. Vegtilsynet vurderer difor at fristoverskridingane presentert over er representative for dekkelegginga 2021, og at krava dermed ikkje er etterlevde. Det er tilsynspart, gjennom rolla som byggherre, sitt ansvar å sikre vegoppmerkinga er utført innan fastsette fristar.

I tillegg ser Vegtilsynet at det ikkje er fastsett fristar i styringssystemet for den delen av arbeidet som byggherre gjer. Arbeidet som byggherre utfører bidreg òg til total tidsbruk frå nylagt vegdekke til vegoppmerking er utført.



Funn 1 – avvik

Statens vegvesen har ikke sørga for at vegoppmerking etter dekkefornying vert utført innan fastsette fristar.



Funn 2 – observasjon

Statens vegvesen bør vurdere om den delen av arbeidet knytt til vegoppmerking som byggherre utfører, er tilstrekkeleg beskrive i styringssystemet.

5. Konklusjon

Vegtilsynet ser at vegoppmerking etter dekkefornyning er ein krevjande prosess å gjennomføre. Arbeidet omfattar fleire steg - formerking, fresing og merking, og involverer fleire aktørar - byggherre og ulike entreprenørar. Alle stega av vegoppmerking er viktige og naudsynte, og bidreg til å skape leielinjer for trafikanten. Av omsyn til trafikktryggleiken, er det avgjerande å sikre at nylagt vegdekke vert liggande utan vegoppmerking kortast mogleg tid, då det nylagte vegdekket manglar referansepunkta vegoppmerkinga gjev.

Vegtilsynet meiner likevel at det er uheldig at frist for når vegoppmerkinga skal utførast ikkje alltid vert etterlevd. Det er alvorleg med tanke på trafikktryggleiken til trafikanten når vegoppmerkinga manglar, og spesielt gjeld dette for vegar med høg ÅDT. Samla sett viser tilsynssaka at Statens vegvesen ikkje sikrar at vegoppmerking etter dekkefornyning vert utført i samsvar med fristar, slik at trafikktryggleiken vert teken i vare.

I tillegg har tilsynssaka vist at det ikkje er fastsett fristar i styringssystemet for den delen av arbeidet som byggherre gjer. Det er gitt føring om at formerking, som vert utført av byggherre, skal skje så fort som mogleg. Vegtilsynet ser likevel at det går noko tid på formerking og innmelding frå byggherre til frese- og merkeentreprenør, slik at totaltida frå nylagt vegdekke til vegoppmerking er utført, vert lang i fleire prosjekt.

Vedlegg 1: Oversikt over strekningar

Område Midt

Veg	Frå Hp ⁴	Frå m	Til Hp	Til m	Lengd	Stad	ÅDT	Merknad
E6	30	6 200	31	3 500	6 683	Koabjørge - Røskje	≥ 5 000	
RV70	4	1 580	4	6470	8 420	FUGLVÅGEN - ÅSPRONG	≤ 5 000	
E14	7	0	7	5 993	5 993	Turifoss - Sneiåsen	≤ 5 000	
E39	22	3 942	22	9 168	5 226	RØDSET - BREIVIKA	≥ 5 000	
E6	38	2 150	38	6 400	4 250	Moumsvegen - Korsvollmoen	≤ 5 000	
E6	19	4 238	19	8 238	4 000	Tungakrysset - Ranheim	> 20 000	
E39	21	406	22	632	3 997	DIGERNESET - BRUSDAL	≥ 5 000	
E136	1	4 427	1	8 300	3 873	SØRNESTUNNELEN - LERSTAD RUNDKJØRING	> 20 000	
E39	27	6 918	27	9 636	2 718	FLÅSKJÆR - RJÅNES	≤ 5 000	
E136	6	4 469	6	6 825	2 356	MÅNDALSTUNNELEN	≤ 5 000	
E6	37	10 225	38	2 150	2 341	Vegsetbakken	≤ 5 000	
E6	18	335	18	2 660	2 325	Tonstadkrysset - Kroppan bru	> 20 000	
E39	29	4 444	29	6 470	2 026	HOVDEBAKKEN - ÅSEN	≥ 5 000	
E6	12	1 189	12	2 950	1 761	Gaula bru - Brattlitunnelen	≥ 5 000	
E136	7	1 084	7	2 710	1 626	OTERHOLM - HOVDEMYRA	≤ 5 000	
E6	35	1 250	35	2 740	1 490	Flekstad - Kvam	≤ 5 000	
E6	10	4 800	10	5 900	1 100	Bjørset - Vindalslien	≤ 5 000	
E6	12	3 188	12	4 268	1 080	Brattlitunnelen - Håggåtunnelen	≥ 5 000	
E6	3	532	3	7 132	6 598	Drivstua - Engan	≤ 5 000	

⁴ Vegane er delt inn i parsellar av ulike typar, dette vert forkorta til «hp», jfr. handbok V830 *Nasjonalt vegreferansesystem*.

Område Nord

Veg	Frå Hp	Frå m	Til Hp	Til m	Lengd	Stad	ÅDT	Merknad
E6	3	830	3	1 970	1 140	HAMMARHEIM	≥ 5 000	
E10	4	8 669	4	9 777	1 108	STOREIDET X818 - LEKNES V	≥ 5 000	
E6	28	7 650	28	9 730	2 080	RK XE105 - RK Andrevann	≥ 5 000	
E6	28	9 820	28	11 230	1 410	RK Andrevann - Handelsparken (ca samme som for RK XE105 - RK Andrevann)	≥ 5 000	
E8	2	10 665	2	15 000	4 335	Sanvikeidet X N - Sanvikeidet X N		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021
RV83	2	0	2	2 750	2 750	Blomjoten - Kilbotn S	≥ 5 000	
E8	2	18 480	2	21 867	3 387	Tomasbakken Topp - FAGERNES X91 (like ved Sanvikeidet X N - Sanvikeidet X N)		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021
E6	8	13 470	8	17 783	4 313	Velta - Buktamo X855	≥ 5 000	
E6	41	1 070	41	3 746	2 676	BÅTBERGET - BEISFJORD BRU	≥ 5 000	
RV83	1	4 395	1	7 492	3 097	Fauskevåg - Sørvik N	≥ 5 000	
E6	22	3 000	22	5 000	2 000	FAUSKE NORD	≥ 5 000	
E10	15	9 662	15	12 757	3 095	Breistrand - Breistrand	≥ 5 000	
E10	15	12 757	15	14 900	2 143	NORDLAND/LANGVATNET - Breistrand	≥ 5 000	
EG6	4	7	4	6 000	3 912	Hjemmeluft Skogstadveien - Buktabakken		Tatt ut pga. g/s-veg
E6	25	3 860	25	7 130	3 270	Tretten - XF355 N	≥ 5 000	
E6	7	1 640	7	3 260	1 620	FINNEIDFJORD SØR	≤ 5 000	
E6	7	0	7	1 340	1 340	BJERKA BRU - FARES	≤ 5 000	
E6	2	35 620	3	430	2 589	BJØRNÅDALEN	≥ 5 000	
E6	4	1 830	4	3 550	1 720	Fossbakken N - Kolbanskaret	≥ 5 000	
E6	4	12 800	4	15 750	2 950	Salangsdalen - Salangsdalen	≤ 5 000	
E6	38	420	38	1 992	1 572	Fornes - Fornes	≥ 5 000	
E6	2	11 180	2	13 569	2 389	Lappaugen - Lappaugen	≤ 5 000	
E10	3	35 300	3	37 930	2 630	Vareid - Napp	≥ 5 000	
E6	6	4 370	6	7 220	2 850	STORMOEN	≥ 5 000	
E6	23	24 500	23	27 210	2 710	GYLTVIK - KVARV	≥ 5 000	
E6	25	18 000	25	19 000	1 000	Laksbergan N - Klubbenes N	≥ 5 000	
E6	25	1 300	25	3 420	2 120	SOMMERSET - KANNFLÅGET	≥ 5 000	
E6	25	28 730	25	29 900	1 170	KOBBSKAR-TUNNELEN NORD	≥ 5 000	
E6	1	4 080	1	7 283	3 203	MAJAVATN	≥ 5 000	

Område Nord forts.

Veg	Frå Hp	Frå m	Til Hp	Til m	Lengd	Stad	ÅDT	Merknad
E6	28	10 140	28	11 940	1 800	KRÅKMOFJELLET N		Tatt ut pga. utgår frå dekkeprogram
E6	37	9 000	37	11 800	2 800	KALVÅSEN - DJUPÅS		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021
RV73	5	9 580	5	10 730	1 150	BJØRKÅSEN	≥ 5 000	
E75	7	21 700	7	23 500	1 800	Abelsborg - Bunes	≥ 5 000	
E75	7	23 500	7	25 000	1 500	Bunes - Gornetak	≥ 5 000	
E6	23	29 900	23	32 900	3 000	Bakkevoll - Langslett S	≥ 5 000	
E6	8	5 810	8	7 400	1 590	Guhkesgurjohka bru - Rasteplass	≥ 5 000	
E6	8	4 340	8	5 790	1 450	Fossen - Guhkesgurjohka bru (samme som for Guhkesgurjohka bru - Rasteplass)	≥ 5 000	
E6	7	27 205	7	29 300	2 095	Vuggenes bru - Aisaroaivi	≤ 5 000	
E6	7	29 300	7	31 280	1 980	Vuggenes bru - Aisaroaivi bru (samme som for Vuggenes bru - Aisaroaivi)	≤ 5 000	
E10	3	10 300	3	13 372	3 072	FINNBYEN - FINNBYEN	≥ 5 000	
E6	1	26 370	1	30 146	3 776	Goddevagge bru - Storsandnes	≥ 5 000	
E6	29	4 020	29	5 210	1 190	Sekkemo S - Sekkemo		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021
E6	24	6 670	24	9 120	2 450	Karlebotnhøgda		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021
E45	1	20 230	1	22 296	2 066	Hammeren - Kløfta bru	≥ 5 000	
E45	3	17 330	3	19 260	1 930	Silis S - Suolovuopmi		Tatt ut pga. utgår frå dekkeprogram
E6	16	20 000	16	23 500	3 500	Gohteluoppal - Storberget		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021
RV92	8	33 150	8	35 800	2 650	Ravdojohka - Jergul		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021
E45	5	11 920	5	14 615	2 695	Goldin - Pikefossen		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021

Område Nord forts.

Veg	Frå Hp	Frå m	Til Hp	Til m	Lengd	Stad	ÅDT	Merknad
E45	5	9 520	5	11 920	2 400	Ballojavri - Goldin		Tatt ut pga. utgår frå dekkeprogram
E45	5	14 615	5	18 223	3 608	Fitnajohka - Gievdneguoika		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021
E45	7	14 480	7	16 520	2 040	Suohpatjavri - Siebe		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021

Område Sør

Veg	Frå Hp	Frå m	Til Hp	Til m	Lengd	Stad	ÅDT	Merknad
E18	3	370	4	100	1 751	Strømme - Timenes (Felt 1 - 4)	> 20 000	
E18	7	7 528	8	4 200	4 887	Gjennestad viadukt - Ramsum, kjørefelt 3 og 4	> 20 000	
E18	7	4 455	7	7 284	2 829	Furulund miljøtunnel - Gjennestad viadukt (felt 3 og 4)	> 20 000	
E18	4	4 100	5	919	1 244	Rødbøl tunnel syd - Ringdalkrysset nord (felt 3 og 4)	> 20 000	
E18	9	7 380	9	10 240	2 860	Langangen - Vestfold grense (Felt 3 og 4)	> 20 000	
E18	8	1 100	10	1 045	7 927	Grimstadporten - Rannekleiv xFv407 kjørefelt 1 og 2	> 20 000	
E18	17	100	17	6 878	6 778	Sunde bru xFv418 - Telemark grense (Nordgående retning)		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021
E39	9	136	9	4 105	3 965	Lyngdal - Oftedal bru		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021
RV9	2	2 890	3	1 210	3 010	Fennefoss bru - Odde skogen xKv (Evje sentrum)	≥ 5 000	
E39	2	6 660	3	220	1 137	Lavoll tunnel - XFv466	≥ 5 000	
E134	9	2 600	10	120	2 528	Hovland - Heggveitbakkane	≤ 5 000	
E134	16	8 200	16	13 748	5 548	Sauland kirke - Ørvella	≤ 5 000	
E134	15	4 436	15	5 685	1 249	Hjartsjå - Lonar	≤ 5 000	
RV36	12	11 000	12	13 990	2 990	Mannheimstrondi - Bjørge	≤ 5 000	
RV9	5	4 140	5	5 300	1 160	Storstraumen - Røyodden	≤ 5 000	
RV41	4	0	4	2 012	2 012	Steane X Rv38 - Sløkvik	≤ 5 000	
RV41	2	13 583	2	16 582	2 999	Fossane - Herefoss		Tatt ut pga. ikkje fullført innan 15.11.2021

Område Vest

Veg	Frå Hp	Frå m	Til Hp	Til m	Lengd	Stad	ÅDT	Merknad
E39	11	2 097	12	116	1 715	AUGLENDTUNELL-HINNA (retning Forus)	> 20 000	
E39	13	340	13	1 480	1 140	Eidsvåg - Stemmemyren (Eidsvågtunnelen)	> 20 000	
E39	12	4 502	12	5 570	1 068	Eidsvåg - Glasskartunnel S	> 20 000	
E39	14	3 825	14	6 305	2 480	Fjøsanger -Hop	> 20 000	
E39	12	50	12	3 940	3 890	Vågsbotn - Glaskartunnelen N	> 20 000	
RV509	2	0	2	1 460	1 460	FORUS VEST-SOLASPLITTEN (retning Sola flyplass)	≥ 5 000	
E134	2	6 539	2	7 869	1 330	FRAKKAGJERD-FØRRETERASSE	≥ 5 000	
E39	13	12 300	14	1 870	2 753	EDLANDSVANNET-SKURVE NORD	≥ 5 000	
RV5	21	4 370	22	2 290	2 378	Gaddevåg RK - Fugleskjærskai	≥ 5 000	
E39	14	11 728	14	15 420	3 692	SØYLAND- RUNASKAR	≥ 5 000	
E16	9	170	9	1 370	1 200	Bulken - Voss vest	≥ 5 000	
RV5	7	9 600	7	12 830	3 230	VEKTI BRU NORD - Loftesnes bru	≤ 5 000	
E39	4	4 700	4	5 953	1 253	SUSORT-FREKASUND BRU	≥ 5 000	
E39	19	2 152	19	4 646	2 494	Movika - Farsund	≥ 5 000	
E39	21	6 270	21	8 880	2 610	HAGEBERG	≤ 5 000	
RV13	14	725	14	3 620	2 895	Skjervet Øvre - Dalsleitet	≤ 5 000	
E16	11	8 933	12	731	1 461	Vinje RKJ - Vinjedalen	≤ 5 000	
E39	24	8 000	24	10 035	2 035	Ytredal bru - Dregebø bru	≤ 5 000	
E134	7	9 580	8	875	5 113	RØLDALTUNELL-HÅRANES	≤ 5 000	
E39	25	11 870	25	15 080	3 210	Torvund - Aven	≤ 5 000	
E134	5	10 312	6	340	4 392	VINTERTUN-X RV.13 SKARET	≤ 5 000	
E134	4	13 001	5	1 922	2 097	RULLESTAD-FJÆRA	≤ 5 000	
RV5	11	18 300	11	20 309	2 009	Kjøsnes - Rk Skei	≤ 5 000	
E39	3	5 500	3	8 530	3 030	Holmøy - Rogennes	≤ 5 000	
RV13	7	515	7	6 760	6 245	Hovland N - Lofthus	≤ 5 000	
RV13	8	9 180	8	10 875	1 695	Ystanes - Kinsarvik	≤ 5 000	
RV13	9	3 125	9	4 630	1 505	KINSARVIK N - Tveisme	≤ 5 000	
RV15	1	3 248	1	9 998	6 750	Snunisjer i Oppljos tnl. 1 og 2, Grasdal og Ospeli tnl. Strynefjell		Tatt ut pga. Øst 1 sitt ansvarsområde
E39	4	78	5	1 284	3 558	Krossen - MØRE/ALFLOTEVATNET	≤ 5 000	
RV13	11	1 117	11	3 137	2 020	VINDSVIK-KRYSS VADLA	≤ 5 000	

Område Øst

Veg	Frå Hp	Frå m	Til Hp	Til m	Lengd	Stad	ÅDT	Merknad
RV4	3	1 900	3	10 523	8 620	Rotnes - Hakadal stj.	≥ 5 000	
E6	9	4 360	10	8 950	13 490	Hafjell S - Tretten	≥ 5 000	
RV7	1	6 320	1	9 435	3 115	X FV175 - BORGERUD	≥ 5 000	
E6	7	0	7	4 270	4 270	Hvam - Oslo grense	> 20 000	
E6	2	0	2	7 519	7 519	Oslo grense - Alnabru	> 20 000	
E16	8	0	8	5 321	5 321	Øiermoen - R.gr. Riksåsen	≤ 5 000	
RV22	6	10 750	8	1 100	3 257	Bergarhus syd - Nordeng	≤ 5 000	
E6	6	8 043	8	952	7 436	Jonsten - Halmstad nord	> 20 000	
RV4	3	879	3	7 879	7 000	Grorud - Mailundveien	> 20 000	
E16	7	9 419	8	290	2 857	RUDLAND - ULNES	≤ 5 000	
E6	14	3 788	14	11 890	8 102	Eidsvolltunnelen- Minnesund	≥ 5 000	
RV25	6	6 196	6	13 716	7 520	Svartbekken - Vestre Grøna	≤ 5 000	
E6	76	12 027	76	32 569	1 790	4 Ramper hp76 Kolostuen Ev6 Sørli	≤ 5 000	
E6	77	12 055	77	32 453	2 464	4 Ramper hp77 Kolomoen Ev6/Rv3	≤ 5 000	
E18	2	610	2	2 615	2 005	ASKER - HOLMEN	> 20 000	
E18	3	0	3	2 265	2 265	DRAMMENSBRUA - KJELLSTAD	> 20 000	
E18	3	810	3	2 485	1 675	SKULDER, HØVIK - KJELLSTAD	> 20 000	
RV150	1	1 080	1	2 755	1 675	Økernsenteret - Sinsenkrysset (Lørentunnelen)	> 20 000	
E18	3	6 766	3	8 562	1 796	FOSSKOLLEN N - TRANBYKRYSSSET	> 20 000	
E18	3	4 131	3	5 747	1 616	LIERELVA - FOSSKOLLEN S	> 20 000	
RV150	1	8 050	1	9 685	1 635	Rikshospitalet - Smestadstunnelen	> 20 000	
E18	3	8 725	3	12 455	3 730	TRANBYKRYSSSET - AKERSHUS/LIERSKOGEN	> 20 000	
E18	3	9 050	3	12 455	3 405	SKULDER. TRANBYKRYSSSET - HEIA	> 20 000	
E6	10	4 914	11	1 853	3 309	Kløfta; Ilevegen - Kjerkevegen	> 20 000	
RV150	1	20 000	1	21 160	1 160	Sinsenkrysset - Økernsenteret (Lørentunnelen)	> 20 000	
RV163	1	1 225	1	5 755	4 530	Økern - Grorud	> 20 000	
E6	12	8 830	13	2 275	3 790	Mogreina - Dal	> 20 000	
RV163	1	255	1	4 656	4 401	Økern - Nyland	≤ 5 000	
E6	1	4 700	1	6 740	2 040	Svingenskoen bru - Hjelmungen	≥ 5 000	
E6	12	161	13	2 270	12 454	Dal - Gardermoen	≥ 5 000	

Område øst forts.

Veg	Frå Hp	Frå m	Til Hp	Til m	Lengd	Stad	ÅDT	Merknad
E16	54	11 593	54	14 462	2 869	SKARET TUNNEL - SOLLIHØGDA		Tatt ut pga. opplyst at utgår
E6	5	13 000	5	14 183	1 183	Moelv - Mjøsbrua sør	≥ 5 000	
E6	2	150	2	7 760	7 610	Espa N. - Kolomoen felt 3 og 4	≥ 5 000	
E18	12	0	12	1 560	1 555	Rundkjøring Holstad - Brekke	≥ 5 000	
E134	6	9 110	6	11 400	2 290	DAGSLETT - AUVI	≥ 5 000	
RV350	4	8 230	4	9 675	1 445	DRAMDAL - KNIVE	≥ 5 000	
RV110	2	10 937	3	1 550	1 721	Skåra - Ørebekk x fv	≥ 5 000	
E16	51	0	51	1 869	1 869	NYMOEN - BEGNA BRU	≥ 5 000	
E16	51	5 330	51	6 810	1 480	VE X RV7 - STYGGDAL X RV35	≥ 5 000	
RV7	1	3 818	1	6 320	2 502	X FV173 - X FV175 HEGGEN	≥ 5 000	
E6	1	215	1	1 640	1 425	Svinesundbru - Langkas		Tatt ut pga. opplyst at ikkje asfaltert
RV7	1	9 435	1	10 789	1 354	BORGERUD - VÆLA BRU	≥ 5 000	
RV7	1	19 380	1	20 396	1 012	HOVLAND BRU - VERKENSELVA	≥ 5 000	
RV7	1	10 789	1	12 293	1 504	VÆLA BRU - X FV176	≥ 5 000	
RV3	1	0	1	1 080	1 080	Kolomoen Kalsveen S	≤ 5 000	
RV7	5	6 718	5	8 862	2 144	YTRE VOLD - FLÅ KIRKE	≥ 5 000	
RV7	5	0	5	6 720	6 720	GULSVIK BRU - VOLD	≥ 5 000	
RV7	4	7 050	4	11 224	4 174	TROMALD BRU - GULSVIK BRU	≥ 5 000	
RV7	6	3 233	6	7 970	4 737	GRØSLAND - STAVN	≥ 5 000	
RV7	6	9 240	7	2 864	4 642	BOTTEN - RAUK	≥ 5 000	
RV7	6	1 530	6	3 233	1 703	TRØSTHEIM GRØSLAND	≥ 5 000	
RV7	8	6 239	8	8 252	2 013	ROLØKKEN - ALFARVEIEN	≥ 5 000	
RV7	9	330	9	1 550	1 220	DOKKEN - STRYKEBRÅTEN	≥ 5 000	
RV22	5	2 561	6	334	1 080	Rundkjøring Kjellerholen Rundkjøring Plantasjen	≥ 5 000	
RV350	6	15 965	6	17 410	1 445	TYRISTRAND - MAGNUSSENSVINGEN	≤ 5 000	
E16	10	23	10	7 276	7 253	LEIRA - AURDAL N	≤ 5 000	
RV22	11	3 900	11	6 230	2 330	Mansrud - Skjønnhaug sør	≤ 5 000	
E16	8	4 350	8	7 861	3 511	STRAND - FAGERNES V	≤ 5 000	
RV7	12	5 950	12	7 720	1 770	BREIE KLEIVI	≤ 5 000	
RV22	12	8 413	12	9 506	1 093	Heiås - Heiås nord	≤ 5 000	
RV22	12	11 507	12	14 517	3 010	Heiås - Akershus gr	≤ 5 000	

Område øst forts.

Veg	Frå Hp	Frå m	Til Hp	Til m	Lengd	Stad	ÅDT	Merknad
E16	4	7 450	4	9 550	2 100	RINGMOEN - BUSTERUDMOEN	≤ 5 000	
E16	4	11 934	5	652	1 400	BERGSUND - X SAMSJØEN	≤ 5 000	
E16	6	3 900	6	5 420	1 520	AVKJ. VÅGÅRD - BILITTMOEN	≤ 5 000	
E16	6	2 260	6	3 430	1 170	HENSMOEN - AVKJ. VÅGÅRD	≤ 5 000	
RV52	3	4 150	3	8 590	4 440	TRYM - TUV	≤ 5 000	
E16	2	7 117	2	11 300	4 183	BJONEVIKA - SPERILLEN CAMPING	≤ 5 000	
E16	2	1 005	2	4 168	3 163	LUNDE - HÅVÅRVIKA	≤ 5 000	
RV52	4	19 800	4	22 199	2 399	BJØBERG - HEIMTRETJERNE	≤ 5 000	

Vedlegg 2: Oversikt over krav for dei geografiske områda

Område Midt

Område Midt har særskilt kontrakt for fresing for vegoppmerking. Fresekontrakten inneheld følgende fristar:

4.1. Frister for fresing etter dekkefornyelse

Fresing for vegoppmerking skal være utført senest innen 2 uker. Tidsfristen gjelder hverdager og løper fra det tidspunkt Byggherren har gitt skriftlig melding til Entreprenøren om at formerking er utført.

Figur 2: Utklipp frå kontrakt Fresing for vegoppmerking, Midt

Kontrakten for langsgående og tversgåande vegoppmerking inneheld følgende fristar:

4.1. Frister for vegoppmerking etter dekkefornyelse

All vegoppmerking etter dekkefornyelse, demarkering og fresing for vegoppmerking skal være utført senest:

- 4 dager på vegger med ÅDT > 20 000
- 1 uke på vegger med ÅDT \geq 5 000
- 2 uker på vegger med ÅDT \leq 5 000

Lengde under 250 m gis automatisk 2 ukers frist.

Tidsfristen gjelder hverdager og løper fra det tidspunkt Byggherren har gitt skriftlig melding til Entreprenøren om at formerking er utført.

Figur 3: Utklipp frå kontrakt Vegoppmerking, Midt

Område Nord

Område Nord har særskilt kontrakt for fresing for vegoppmerking. Fresekontrakten inneheld følgende fristar:

4.1 Frister for fresing etter dekkefornyelse.

Fremdriften må følge dekkeprogrammet. Fresingen søkes å være ferdig utført så snart som mulig etter at slitelaget er lagt. Derfor må fresingen være utført innen 14 dager etter at det er meldt fra om at formerkingen er utført (delfrist).

Tidsfristen gjelder hverdager og løper fra det tidspunkt Byggherren har gitt skriftlig melding til Entreprenøren om at formerking er utført.

Figur 4: Utklipp frå kontrakt Fresing for vegoppmerking, Nord

Kontrakten for vegoppmerking inneheld følgende fristar:

4.1. Frister for vegoppmerking etter dekkefornyelse

All vegoppmerking etter dekkefornyelse, demarkering og fresing for vegoppmerking skal være utført senest:

- 4 dager på vegger med ÅDT > 20 000
- 1 uke på vegger med ÅDT ≥ 5 000
- 2 uker på vegger med ÅDT ≤ 5 000

Lengde under 250 m gis automatisk 2 ukers frist.

Tidsfristen gjelder hverdager og løper fra det tidspunkt Byggherren har gitt skriftlig melding til Entreprenøren om at formerking er utført.

Figur 5: Utklipp frå kontrakt Vegoppmerking, Nord

Område Sør

Fresing vert bestilt som tillegg frå vegoppmerkingsentreprenør, og fristar for fresing og vegoppmerking går fram av kontrakt for langsgående vegoppmerking:

6.1. Frister for vegoppmerking etter dekkefornyelse

All vegoppmerking etter dekkefornyelse demarkering og fresing for vegoppmerking skal være utført senest:

- 4 dager på veger med ÅDT > 20 000
- 1 uke på veger med ÅDT \geq 5 000
- 2 uker på veger med ÅDT < 5 000

Lengde under 250 m gis automatisk 2 ukers frist.

Tidsfristen gjelder hverdager og løper fra det tidspunkt byggherren har gitt skriftlig melding til entreprenøren om at formerking er utført.

Figur 6: Utklipp frå Kontrakt for langsgående vegoppmerking, Sør

Område Vest

Fresing for vegoppmerking inngår i asfaltkontrakten. Det er sendt inn utklipp frå fire asfaltkontraktar. Av desse går det fram fristar for oppstart med fresing. Tilsynspart har opplyst at det er krav til kontinuerleg framdrift, men opplyser også at det er vanskeleg å sette kor lang tid fresinga tar.

Kontrakten for langsgående vegoppmerking inneheld følgande fristar:

4 Ferdigstillelesfrister

Utenom særskilte ferdigstillelesdatoer som er fastsatt for kontraktsarbeidene, gjelder følgende tidsfrister for utførelse av vegoppmerking:

4.1. Frister for vegoppmerking etter dekkefornyelse

All vegoppmerking etter dekkefornyelse, demarkering og fresing for vegoppmerking skal være utført senest:

- 4 dager på vegger med ÅDT > 20 000
- 1 uke på vegger med ÅDT ≥ 5 000
- 2 uker på vegger med ÅDT ≤ 5 000

Lengde under 250 m gis automatisk 2 ukers frist.

Tidsfristen gjelder hverdager og løper fra det tidspunkt Byggherren har gitt skriftlig melding til Entreprenoren om at formerking er utført.

Figur 7: Utklipp frå Kontrakt for langsgående vegoppmerking, Vest

Område Øst

Tilsynspart har ulike krav i ØST 1 Innlandet og ØST 2 Viken.

ØST 1 Innlandet

Fresing for vegoppmerking inngår i kontrakt for vegoppmerking. Kontrakten for vegoppmerking innehold følgende fristar:

4.1. Frister for vegoppmerking etter dekkefornyelse

All vegoppmerking etter dekkefornyelse, demarkering og fresing for vegoppmerking skal være utført senest:

- 4 dager på veier med ÅDT > 20 000
- 1 uke på veier med ÅDT ≥ 5 000
- 2 uker på veier med ÅDT ≤ 5 000

Lengde under 250 m gis automatisk 2 ukers frist.

Tidsfristen gjelder hverdager og løper fra det tidspunkt Byggherren har gitt skriftlig melding til Entreprenøren om at formerking er utført.

Figur 8: Utklipp fra Kontrakt for vegoppmerking, ØST 1 Innlandet

Tilsynspart har i tillegg opplyst at det i samhandlingsmøte vart avtalt følgende fristar for fresing og vegoppmerking:

«ÅDT > 5000 1 uke på fresing og 1 uke på vegoppmerking, totalt 2 uker for disse to prosessene. Dette er i tråd med tidligere kontrakter der det har vært en kontrakter for fresing og en kontrakt for vegoppmerking.

Ut fra dette så vil veier med ÅDT < 5000 få 2 uker på fresing og 2 uker på vegmerking. Dette kommer ikke fram i referater fra samhandlingsmøte, heller ikke byggemøte. Men det er kommunisert og kjent for EN.»

ØST 2 Viken

Fresing for vegoppmerking inngår i kontrakt for vegoppmerking. Kontrakten for vegoppmerking inneheld følgende fristar:

4.1. Frister for vegoppmerking etter dekkefornyelse

All vegoppmerking etter dekkefornyelse, demarkering og fresing for vegoppmerking skal være utført senest:

- 4 dager på veier med ÅDT > 20 000
- 1 uke på veier med ÅDT ≥ 5 000
- 2 uker på veier med ÅDT ≤ 5 000

Lengde under 250 m gis automatisk 2 ukers frist.

Tidsfristen gjelder hverdager og løper fra det tidspunkt Byggherren har gitt skriftlig melding til Entreprenøren om at formerking er utført.

Figur 9: Utklipp fra Kontrakt for vegoppmerking, ØST 2 Viken